



VINJE KOMMUNE  
Vinjevegen 192  
3890 VINJE

**Seksjon Samfunn og plan**

Vår dato: 02.02.2026

Deres dato:

Vår referanse 24/26123-5

Deres referanse: 2022/1556-85

Vår saksbehandlar: Bendik Lien Berge

## **Uttale til reguleringsplanforslag for Åmothaugen Vest, planID 20160005, i Åmot sentrum - Høyring og offentlig ettersyn**

### **Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Åmothaugen Vest - planID 20160005- Vinje kommune**

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 03. desember 2025 om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Åmothaugen Vest i Vinje kommune. Uttalefristen er sett til 06. februar 2026.

#### **Formålet med og bakgrunnen for planarbeidet**

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for utviding av helsesenteret med eit nybygg i området til Bratlands forretning.

Planområdet er på ca. 72 daa, er i kommuneplan for Åmot avsett til forretning og offentlig føremål og er omfatta av fleire gjeldande reguleringsplanar. Planarbeidet er i samsvar med overordna plan.

Fylkeskommunen har tidlegare kome med innspel til varselet om oppstart av planarbeid, jf. brevet vårt av 21. april 2022, der vi spesielt hadde kommentarar til tettstadsutvikling, born og unge, klima og energi, samferdsel, folkehelse, kulturarv og jordvern.

#### **Rollene og ansvaret til fylkeskommunen**

Telemark fylkeskommune har mottatt planforslaget til uttale i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 5-2.

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgde opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmyndigheit og planfagleg rettleiar. Uttalen frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetek interessene til barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltarens tilgang til å fremje motsegn. Denne samarbeidsavtala blir vidareført inntil vidare mellom Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune.

### **Vurderinga frå fylkeskommunen**

Telemark fylkeskommune har ut ifrå regionale og nasjonale interesser ingen kommentarar til offentleg ettersyn av planforslaget.

### **Interessene til barn og unge i planlegging**

Det blir rekna som positivt at badeplassen og leikeplassen blir meir tilgjengeleg for fleire. Området i tilknytning til Ormetjønn er eit viktig rekreasjonsområdet, og den universelt utforma stien og tilrettelegging for bruk for barn og unge er viktig for nærområdet. Tilrettelegging for fiskeplass og HC-toalett fører vidare intensjonane om eit tilgjengeleg rekreasjonsområde.

### **Klima og energi**

Ein bør gjennom planen legge til rette for at busetnaden blir sett i stand til å dekke mest mogleg av eige energibehov.

I tråd med regional klimaplan for Telemark anbefaler vi at det blir sett krav til miljøsertifiserte leverandørar, av varer og tenester, og dessutan lågt klimafotavtrykk for gjennomføring. Det bør også vurderast å sette krav til fossilfrie, utsleppsfrie og avfallsfrie bygg og anleggsplassar.

Med helsing

Tor Arne Hellkås  
seksjonsleiar  
Samfunn og plan

Bendik Lien Berge  
bendik.lien.berge@telemarkfylke.no

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.*

Mottakere:  
VINJE KOMMUNE

Kopi til:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK

Bendik Lien Berge - hovedsaksbehandler  
Geir Sørum - næring, klima

tlf. 94 89 43 50  
tlf. 93 45 80 33

e-post: [bendik.lien.berge@telemarkfylke.no](mailto:bendik.lien.berge@telemarkfylke.no)  
e-post: [geir.sorum@telemarkfylke.no](mailto:geir.sorum@telemarkfylke.no)